



BACHELOROPPGÅVE

Kystfolket i Askvoll sin motstandskamp under
andre verdenskrig 1940-1945

The resistance movement of the coastal people in
Askvoll during the Second World War 1940-
1945

Therese Olset Solheim

SA523: Bacheloroppgåve i historie

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Veileidar: Håvard Brede Aven

15.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Heilt frå eg var ei lita jente har mine besteforeldre fortalt meg historier frå deira oppvekst i Askvoll. Eg kjem sjølv frå Askvoll, så dette har alltid vore veldig spanande å høyre på. Mine besteforeldre var født i siste halvdel av 1930-talet, og var derfor små når andre verdskrig braut ut, men dei hugsa mykje til tross for det. Det var nok der mi interesse for historie og andre verdskrig starta. Av den grunn blei det ikkje så veldig vanskelig å velje tema for mi bacheloroppgåve. Andre verdskrig er godt dokumentert, og når eg fann ut at eg ville skrive om motstandsrørsla under andre verdskrig, så var eg klar over at dette er eit felt som er grådig vidt.

Det å studere krigsåra i Askvoll har vore grådig lærerikt, og eg har lært utruleg mykje spanande og interessant, då i forhold til lokalbefolkninga i Askvoll sitt arbeid og dei allierte sitt arbeid i Skottland, England og på Shetland, og korleis denne krigen prega dei på forskjellige vis. Eg har også fått ein innsyn i eit heilt spesielt samhald som utarta seg under andre verdskrig, som ein no berre kan førestille seg. Eg har også lært mykje nytt som eg ikkje visste om før eg starta oppgåva, endå eg allereie satt med ganske mykje forkunnskapar.

Eg vil gi ein stor takk til lokalhistorikar Gaute Losnegård som hjalp meg i startfasen, då med tips til litteratur og personar eg potensielt kunne ta kontakt med, og som fortalte meg om spesielle hendingar under andre verdskrig i Askvoll.

Eg vil også takke Liv Turid Gjørøy som gav meg nøklane til Temaparken i Bulandet, der eg fikk bruke ein dag i avdelinga om andre verdskrig på det flotte museet dei har bygd opp der ute. Dette var til stor nytte.

Eg vil også takke Målfrid Saltskår, som inviterte meg ut i barndomsheimen hennar på Staveneset, der motstandsrørsla stod sterkt. Der delte ho mykje historier med meg og eg var så heldig som fikk ei omvising på det utruleg flotte og imponerande museet som bror hennar, Olaf Saltskår, har bygd opp i løpet av fleire tiår.

Sist, men ikkje minst vil eg takke Håvard Brede Aven, for god veileding, motivering og hjelp gjennom oppgåva.

Innholdsfortegnelse

| | |
|---|----|
| 1.0 Innledning | 4 |
| 1.1 Avgrensing og problemstilling..... | 5 |
| 1.2 Tidlegare forskning | 6 |
| 1.3 Kjelder og metode..... | 7 |
| 2.0 Noreg under okkupasjon | 9 |
| 2.2 Motstandsørsla..... | 10 |
| 2.3 Secret Intelligence Service (SIS) og Special Operation Executive (SOE)..... | 11 |
| 2.4 Shetlandsgjengen | 11 |
| 3.0 Motstandsørsla i Askvoll | 12 |
| 3.1 Øy-samfunnet Værlandet og Bulandet | 12 |
| 3.2 Ein familie på flykt førte Secret Intelligence Service til Staveneset | 16 |
| 3.3 PI 1 og PI 2 på Staveneset..... | 18 |
| 4.0 Askvoll ville ikkje ta del i nyordninga | 21 |
| 4.1 NS i Askvoll: Dyrlekjar Slåttelid..... | 21 |
| 4.2 Lærarstriden i Askvoll | 22 |
| 4.3 Kyrkjekampen: Sokneprest Rasmus Håskoll..... | 26 |
| 4.4 Radio og andre illegale aktivitetar | 28 |
| 5.0 Drøfting og konklusjon | 29 |
| 6.0 Kjelde- og litteraturliste | 34 |

1.0 Innledning

Kystkommunen Askvoll ligg lengst vest i Sunnfjord i Vestland fylke. Her grensar kommunen mot Nordsjøen i vest, og har fleire øy-grupper med fastbuande heilt ute i havgapet, som består av blant anna Bulandet som er det vestlegaste aktive fiskerisamfunnet i Noreg. I 2022 hadde Askvoll kommune eit innbyggjartal på 2951.

Askvoll, til liks med andre kystbygder i Noreg, fikk kjenne endå meir på krigen då Hitler starta prosjektet sitt «*Festung Norwegen*» som inngikk i Atlanterhavsvollen.¹ I samanheng med dette prosjektet blei det bygd opp kystfort langs heile Norskekysten. I Askvoll blei det bygd opp fire stykk: Flokenes batteri med 3000 miner, Eimind batteri med 3000 miner, Lammetun batteri med over 3000 batteri og Furenes batteri med 8555 miner – som var det største minefeltet i Sogn og Fjordane. Med alle desse kystforta, oppgåvene og postane som følgde dei, blei det sjølvsagt mykje tyske soldatar i kommunen, som nådde toppen i 1943 med 600-700 soldatar i Askvoll.² I Askvoll kommune finn ein Stongfjorden, der låg tidlegare Skandinavias første aluminiumsverk som var i drift frå 1908 til 1945. Dette skulle få betydning for motstandsarbeidet og for den tyske krigsøkonomien i løpet av krigsåra.

Denne oppgåva har eit hovudfokus på den motstanden som flamma opp i Askvoll under andre verdenskrig og korleis dei lokale, både indirekte og direkte, jobba mot dei tyske okkupasjonsmaktene. Sidan det var mange motstandsfolk i Askvoll må vi velje ut spesifikke personar og hendingar som fann stad, dette for å sette ei grense på oppgåvas innhald, men også for å få eit breiare syn om kor omfattande og farleg det var for dei som var motstandarar av okkupasjonsmaktene.

¹ Tysk forsvarsverk mot britane som strakk seg frå Sør-Frankrike til Kirkenes.

² Losnegård, 2011, s. 310

1.1 Avgrensing og problemstilling

Andre verdenskrig er eit enormt tema og eit felt som er forska både nord og ned, der motstandsørsla er noko som er blitt mykje forska på heilt frå krigen slutta. Det var motstandsørslar i alle land som var involvert i krigen. I Noreg fanst motstandsørsla over heile landet; i bygdene, i byane, i fjella og på sjøen. For å finne ut korleis eg skulle gå nærmare inn på dette, måtte eg skjære ned, og det blei naturleg for meg å gå lokalt. Lokalhistorie tar gjerne opp mykje av dei same problematikane som dei nasjonale – men med ei tilskjering rundt det lokale – noko ein kjem til å sjå i oppgåva. Lokalhistoria har ofte ei mykje sterkare mikro-orientering, i det at enkeltindivid og relasjonar mellom enkeltmennesket får ein meir framstående plass.³

Eg har valt å peile oppgåva inn på den motstanden som blei utløyst i Askvoll, då i samanheng med Tyskland sin invasjon, og den kjem til å rette seg mot motstanden og motstandsarbeidet blant dei lokale i Askvoll. Oppgåva kjem til å gå innom forskjellige relasjonar; mellom Shetland/Skottland og Noreg, motstandsørsla seg i mellom, og mellom kyrkja og skulen opp mot nazifiseringa. For å prøve å få ei betre forståing av den motstanden som var i Askvoll, kjem NS også inn som ein sentral del. Oppgåva kjem til å starte med eit lite historisk samandrag om andre verdenskrig, deretter får ein litt informasjon om organisasjonane under andre verdenskrig for å få ei betre forståing av det ein les. Avslutningsvis kjem vi til å gå nærmare inn på kva det var som skilte Askvoll frå resten, då med eit utgangspunkt i det tillitsnettverket som allereie var danna før krigen braut ut.

Det må også nemnast at eg tar utgangspunkt i kommunedelinga som var i krigsåra 1940-1945.⁴

Problemstillinga mi er derfor: «*Korleis jobba kystfolket i Askvoll, indirekte og direkte, mot okkupasjonsmaktene under andre verdenskrig?*».

³ Andersen et al, 2017, s. 30

⁴ I åra etter krigen og fram til no har mange kommunar blitt slegne i hope til større kommunar, eller kommunegrensar er blitt flytta. I Askvoll sitt tilfelle har kommunegrensene flytta på seg. Våge og Fure, der Lammetun kystfort ligg, var i krigsåra tilhøyrande Askvoll. Holmedal og Rivedal var tilhøyrande Fjaler. Dette blei endra på i 1990, då kom Holmedal og Rivedal med i Askvoll kommune, og Våge og Fure kom med i Fjaler kommune.

1.2 Tidlegare forskning

Andre verdskrig er ekstremt godt dokumentert. Det har vore, og fortsatt er, eit svært populært tema innanfor forskning. Når det kjem til hendingane i Askvoll, så har desse blitt dokumentert av både lokalhistorikarar og privatpersonar. Det er skriva mykje om spesifikke hendingar og personar i alt frå tidsskrifter, aviser, bygdebøker og minnesamlingar.

Eg har nytta meg av sekundærkjelder, då i form av litteratur. Litteraturen eg har lent meg etter i løpet av skrivinga er blant anna lokalhistorikar Gaute Losnegårds «*Havfolk og fjordfolk*», som er bind to av allmennsoge for Askvoll. Bindet gir eit stort innsyn i Askvoll si historie frå 1865, der er andre verdskrig inkludert. Han skriv i forordet at han har vore oppteken av at utviklinga i Askvoll heng saman med utviklinga i resten av Noreg og verda elles.⁵ Her fikk eg mykje god innsikt om lokalhistoria i Askvoll.

Elles enn det har eg fått henta mykje interessant informasjon frå «*Krigsår: Liv og lagnader i Sogn og Fjordane 1940-1945*» av Grethe Eithun, Kjell-Ragnar Berge og Hermund Kleppa. Her er boka bygd opp i tre delar, og gir ei brei innsikt i krigshendingar i Noreg i løpet av andre verdskrig. I tillegg har boka eit oversyn over kvar enkelt kommune for Sogn og Fjordane, som dei har utforma som ei slags krigsdagbok som inkluderer personlege historier.

«*Norge i krig*» var også vesentleg for å få eit breiare perspektiv på feltet. Det er til saman åtte bind, der eg nytta meg bind fire. Her får ein eit breiare perspektiv på Noreg og nordmenn under andre verdskrig, der dei går ut frå krigens gang frå den starta og fram til etterkrigstida. Bind fire er skriva av Berit Nøkleby og tar for seg holdningskampen i Noreg.

Desse tre skil seg frå kvarandre då «*Havfolk og fjordfolk*» belyser lokalhistoria i Askvoll, «*Krigsår: Liv og lagnader i Sogn og Fjordane 1940-1945*» belyser det regionale og «*Norge i krig*» belyser landet. Her har ein andre verdskrig på tre forskjellige nivå, som var vesentleg for tematikken i oppgåva mi, då for å sjå både samanhengar og for å få eit større perspektiv på korleis dei i Askvoll blei prega av det som skjedde utanfor det lokale området igjen.

⁵ Losnegård, 2011, s. 7

Eg var heldig å få låne Olaf Saltskår si oppgåve «*Staveneset i Sunnfford 1940-1945: For Secret Service Intelligence sin innsats for både norsk og britisk etterretning i tida 1940-1945*». Olaf var sonen til Chester og Petrine Saltskår og han var også onkelungen til Oddny og Anton Hollevik, dette er fire sentrale personar som eg skriv om i oppgåva. Han har utført intervju av blant anna desse fire til det han skriv, så det at eg fikk låne denne gjorde til at eg fikk meir volum og innputt til mi oppgåve. Her får ein god innsikt i dagleglivet og det som hende på Staveneset i løpet av krigsåra, og deira kommunikasjon med England og Shetland.

Eg har også nytta meg av forskingslitteratur som artikkelen til historikar Ole Kristian Grimnes «*Hvordan har historieskrivingen om okkupasjonsårene skiftet over tid?*», som har gitt meg god informasjon om korleis historieskrivinga om andre verdskrig har endra seg. Dette var også ein artikkel som var god å nytte sidan eg også har vore innom ein del eldre litteratur, og her får ein eit innsyn i nyare forskning, som er veldig viktig sidan historieskrivinga endrast over tid. Notid og fortid blir slått saman mens ein skriv, derfor blir det aldri heilt likt etterkvart som åra går og meir historieskriving blir til.⁶

1.3 Kjelder og metode

Eg hadde i starten tenkt å bruke ein kvalitativ metode i form av intervju for arbeidet. Dette fann eg fort ut blei vanskeleg, då dei fleste som deltok i andre verdskrig ikkje er lengre. Om eg skulle intervjuar eit familiemedlem av vedkommande, så hadde dette blitt ei andrehandsberetning, og kunne dermed ikkje blitt rekna som ei sikker nok kjelde. I tillegg må ein være svært kritisk til beretningar frå andre verdskrig i utgangspunktet. Grunnen til det er fordi dette er som regel ei veldig følelses lada oppleving for vedkommande, der dei kan prate ut frå eige opplevingar og syn, det er sjølvsagt veldig individuelt kva kvar enkelt person opplevde og følte. Ein anna grunn til at ein skal være kritisk er fordi det er mykje ein kan gløyme, det er ikkje sikkert av vedkommande hugsar ting slik som det var.

⁶ Grimnes, 2020, s. 274

Eg fikk kome på besøk til museet Temaparken i Bulandet. Her fikk eg tilgang til avdelinga deira for andre verdskrig, her las eg gjennom fleire permar som inneheldt personlege krigsminner, intervju og avisutklipp. Spesielt intervju og personlege krigsminner blei svært nyttige for oppgåva mi då eg fikk eit innsyn i livet i øyane under krigen, og her fikk eg tilgang på informasjon som ikkje har blitt publisert tidlegare, som igjen gjer til at oppgåva mi får meir volum.

I løpet av arbeidet med oppgåva fann eg ut at eg fikk bruk for ein del av det eg leste på Nasjonal Biblioteket sine digitale avisdatabasar, då aviser som Firda og Firda Folkeblad. Aviser er viktig for lokalhistoria, då ein får innsyn i blant anna menneske sine holdningar, mentale horisont og lokale forteljingar.⁷ Avisartiklane eg har tatt utgangspunkt i er frå 1940-tallet, då spesielt etter krigen i 1946. Her er det viktig å nemne at det var stor skilnad på kva dei lovlege avisene i Noreg kunne skrive under okkupasjonen og kva dei kunne skrive rett etter, og det var strengt med kva slags aviser som fikk lov å bli gitt ut. Det var hard sensur under den tyske okkupasjonen. Derfor må ein være forsiktig når ein brukar aviser frå okkupasjonstida, då dei ofte var påverka av politiske meiningar.⁸

Eg har vore innom kvantitativ metode, då i form for statistikk frå Statistisk sentralbyrå, for å få meir innsyn og for å samanlikne NS oppslutninga på landsnivå, fylkesnivå og kommunenivå. Med ei kvantitativ tilnærming av NS oppslutninga får ein etablert fleire samanhengar.⁹ Her måtte eg ta hensyn til at den oversikta eg fann var gammal. Lands- og fylkesstatistikken er frå 1954 og NS-oppslutning i Askvoll er frå 1972. Historieskrivinga har endra seg vesentleg sidan då, og det kan ha komme ny informasjon som ikkje er medrekna i desse. Elles enn det nytta eg meg av Digitalarkivet sitt skanna materiale, der eg har lese gjennom seks møteprotokollar frå NS i åra 1940 til 1945. Dette var ei kjelde eg fikk god bruk for i oppgåva mi for å fastsette at det eg har lese i anna litteratur stemde.

⁷ Tjelmeland, 2004, s. 115

⁸ Tjelmeland, 2004, s. 117

⁹ Andersen et al, 2017, s. 97

Mikrohistorie

For å belyse Askvoll si rolle innanfor motstandskampane og for å prøve å gå meir i djupna på arbeidet som blei utført i Askvoll, blei det ganske så naturleg for meg å nytte eit mikrohistorisk perspektiv. Målet er å belyse noko «lite» som motstanden i Askvoll, og korleis den motstanden kasta lys på det større bilete av krigen igjen.¹⁰ Ein skjønner ofte meir med å sjå vekk frå det større og sjå meir innpå ein mindre skala av det igjen, for med å studere mikrohistorie kan ein få ei meir presis forståing av det større igjen. Her vil eg studere det lokale for å få ei betre forståing av det som også skjedde på makroskala.

Mikrohistorie er ei historisk forskning om små objekt og einingar, men likevel med store mål om innsikt og forståing.¹¹ Eg kjem også til å belyse enkeltpersonar, der ein gjennom deira liv og handlingar, ser korleis historia blei til.

2.0 Noreg under okkupasjon

Sjølv om Noreg hadde erklært seg nøytrale blei landet likevel invadert av Tyskland 9. april 1940, då gjekk tyske troppar i land i Noreg. Landet stod i mange harde kampar for å stoppe tyskarane, men etter to månadar måtte Noreg sei seg tapt, og Noreg blei dermed under tysk okkupasjon.¹² Kongen og regjeringa bestemte seg då for å flykte til London. Sjølv om dei flykta stoppa ikkje krigen, og dei heldt det gåande frå London. Motstanden gav seg ikkje og den tyske okkupasjonen fikk fleire utfordringar, då det danna seg både ei militær og sivil motstandsørslø som heldt fram til frigjeringsdagen kom den 8. mai 1945.

¹⁰ Kjelland et al, 2020, s. 167

¹¹ Kjelland et al, 2020, s. 167

¹² Eithun et al, 2005, s. 17

2.1 Nasjonal Samling

I 1933 blei Nasjonal Samling – NS – danna. Det var eit politisk parti som vart grunnlagt av Vidkun Quisling. NS var påverka av nazismen og fascismen, som gikk inn i eit samarbeid med dei tyske okkupasjonsmaktene under andre verdskrig.

NS hadde dei første åra av krigen eit medlemsauke på landsbasis. Når krigen kom til Noreg i 1940, hadde partiet 6 943 medlem i oktober same år og allereie i januar 1941 hadde partiet auka til 23 797 medlem. I 1942 var medlemstalet komen opp i 34 434, i 1943 var det komen opp i 41 183 og i 1944 nådde partiet toppen med 43 289 medlem. I oktober 1944 gikk medlemstalet ned til 42 444.¹³ Her er ikkje ungdomsfylking rekna med.

På landsbasis innan 1. januar 1945, medrekna ungdomsfylking, var det 1.7% av landets befolkning som var NS medlem, som utgjorde 46 904 medlem i alt.¹⁴

I Sogn og Fjordane var det svært låg oppslutning i NS; 1. januar 1941 var det berre 0.1% som var medlem, der medlemstalet nådde toppen i 1943 med 0.7% medlem, og sank ned til 0.4% innan 1. januar 1944. I alt hadde NS i Sogn og Fjordane 0.4%, altså 390 medlem, innan 1. januar 1945, som var det lågaste medlemstalet av alle fylka i Noreg. Sett opp mot Stor-Oslo som hadde 2.4%, som utgjorde 10 322 av innbyggjarane, innan 1. januar 1945.¹⁵

Askvoll kommune hadde i 1944 eit folketal på 3322, der berre 5 stykk var medlem i NS. Det var altså berre 0.15% av folketalet i Askvoll som var medlem i NS mot slutten av krigen.¹⁶

2.2 Motstandsørsla

Motstandsørsla i Noreg, under andre verdskrig, si hovudoppgåve var å undergrave dei tyske okkupasjonsmaktene og det nazistiske regimet. Frå 1940 til 1945 reiste ca. tre hundre båtar av ulike slag over til Shetland og Skottland ilag med ca. 3300 ungdommar som ville bli med i

¹³ Statistikk over landssvik 1940-1945, 1954, s. 10

¹⁴ Statistikk over landssvik 1940-1945, 1954, s. 21

¹⁵ Statistikk over landssvik 1940-1945, 1954, s. 21

¹⁶ Thunshelle, 1972, s. 128

motstanden mot okkupasjonsmaktene.¹⁷ Etterkvart glei etterretning og flyktningtrafikk inn i kvarandre, og det blei eit stort motstandsnettverk langs norgeskysten.

2.3 *Secret Intelligence Service (SIS) og Special Operation Executive (SOE)*

SIS er britane sin etterretningsorganisasjon som var sentral under andre verdskrig ved å ha mange nordmenn under seg, eit stort kontaktnett i Noreg og dei samla inn viktig informasjon frå tysk-okkuperte område.¹⁸ *SOE* er ein hemmeleg britisk militæreining som blei oppretta under andre verdskrig for å planleggje, leie og utføre undergraving og sabotasjeaksjonar mot nazistane innanfor dei okkuperte landa. Kompani Linge var ei avdeling under *SOE* der britane trena norske soldatar under andre verdskrig, dei blei deretter sendt til Noreg for å opprette radiosamband, instruere heimestyrkene og utføre sabotasje.¹⁹ Både *SIS* og *SOE* brukte Shetlandsgjengen til oppdraga sine.

2.4 *Shetlandsgjengen*

Dei britiske etterretningane byrja allereie hausten 1940 å bli organisert. Då starta det ein sokalla «agenttrafikk» frå England til Noreg, dette med norske fiskeskøyter. Skøytene blei leigd ut til britane, der denne agenttrafikken blei satt i gong. Mannskapet om bord var frivillige nordmenn som kom øve til England. Det er dette ein kallar for «Nordsjøtrafikken», og dei hadde base på Shetland og i Skottland.

Shetlandsgjengen førte agentar over Nordsjøen, då enten til Noreg eller tilbake frå Noreg, og tok med seg flyktningar tilbake. Det var ei stor og omfattande motstandsørslø som var sterkt knytt til dei yste kystområda og små øy-samfunna som blei grunnlaget for Shetlandsgjengen.²⁰

Shetlandsgjengen var under første del av krigen under britisk kommando, der både *SIS* og *SOE* brukte Shetlandsgjengen til oppdraga sine. Etersom det kom fleire nordmenn inn i leiinga under krigen fikk dei derfor namnet *Norwegian Independent Naval Unit* – som stod

¹⁷ Eithun et al, 2005, s. 24

¹⁸ https://snl.no/Secret_Intelligence_Service

¹⁹ https://snl.no/Kompani_Linge

²⁰ Eithun et al, 2005, s. 24

for *Den uavhengige norske marineeininga*. Den viktigaste oppgåva for Norwegian Independent Naval Unit var militær trafikk over Nordsjøen. Sjølv om dette var oppdrag frå norske myndigheiter, fortsette dei å arbeide tett i hope med dei britiske SIS og SOE.

I frå sommaren 1942 var alle nordmenn som dreiv skøytetraffikk innrullerte i denne marineavdelinga, anten dei var knytt til basen på Shetland eller Peterhead-basen i Skottland.²¹

3.0 Motstandsørsla i Askvoll

3.1 Øy-samfunnet Værlandet og Bulandet

Øyane Værlandet og Bulandet ligg heilt yst i Askvoll kommune. Øy-samfunna blei viktige transittområder for trafikken over Nordsjøen, og Bulandet blei brukt som hamn for seglingar mellom Noreg, Skottland og Shetland. I øyane stod motstandsørsla sentralt, derav aktiviteten stor. Der var mottak og transport av flyktningar til England, Shetland og Skottland, dei hadde våpenlager, hemmeleg radio og kontakt med «*Shetlands-Larsen*».²²

Den første turen over til Shetland gikk allereie 20. mai i 1940. Dette vart nett over ein månad etter krigen kom til Noreg. Det var handelsmann Petter Nikøy som skulle innleie Shetlandsfarten til Askvoll distriktet. Firmaet til Petter Nikøy, «*P.Nikø*», heldt til i Bulandet og hadde mange funksjonar som inkluderte landhandel/skipsproviant, fiske-mottak og frakting av fisk, oljefylling, kafé og bakeri, leseværelse for fiskarar, postopneri, sildesalteri og dampskipekspedisjon. Han hadde ein firmabåt med namnet «*Vega*», dette var ei lita skøyte på 38-40 fot, og hadde ein 24h. Rapp-motor.

P.Nikø hadde derfor ei stor kontaktflåte på grunn av si stilling som handelsmann, og han blei derfor ein naturleg medspelar i motstandsørsla og i Shetlandsfarten. Han blei også meir mobil enn andre på grunn av si stilling, då han kunne bruke frakting



Bilde 1: Handelsmann Petter Nikøy. (Biletet er lånt frå Temaparken Bulandet).

²¹ Saltskår, 1995, s. 8

²² Leif Andreas Larsen var leiar av Shetlandsgjengen.

av varer og fisk som alibi.

Allereie i 1940 blei det satt i land fem engelske og to norske offiserar hos P.Nikø, dei hadde vore aktive i motstandskampane borte på austlandet og trengte skyss over Nordsjøen. Dei fikk derfor være på kafeen til P.Nikø i nesten to veker, før dei 20. mai 1940 reiste med «Vega» over til Shetland.²³ Etter dette gikk det i eitt sett fram mot 1942 og øyane i Askvoll blei eit viktig punkt for frivillige som ville slutte seg til militære avdelingar i England, for personar som måtte flykte frå landet, våpenleveransar til Heimefronten og for allierte agentar. Sidan P.Nikø hadde oljefylling i firmaet sitt, leverte han både olje og proviant til båtar som kom frå Shetland, eller til dei båtane som skulle til Shetland.

I sin eigen heim tok han i mot «*usynlege*» overnattingsgjestar, som «*forsvann like stille som dei kom*», i tillegg til dette hadde firmaet mange turar inn i fjorden for å hente folk eller for å bringe agentar og våpen.²⁴

På hausten i 1941 nådde trafikken sitt høgste, og 135 flyktningar drog ut frå Askvoll. Mange var aktive i motstandsrørsla i Askvoll, og den slo djupe røter.

Handelsmannen Petter Nikøy hadde allereie eit nettverk frå før krigen starta med dei andre lokale handelsmennene, dette utgjorde stor forskjell også for det illegale arbeidet som skulle skje i Askvoll under krigen. Hadde det ikkje vore for den tilliten som dei lokale i Askvoll hadde frå før til kvarandre, hadde ikkje motstandsrørsla i Askvoll fått utretta så mykje som dei gjorde. Dette nettverket som allereie var danna før okkupasjonsmaktene kom til bygda skulle spele ei stor rolle for krigen vidare, og spesielt skulle det spele ei stor rolle for menneska som var på flykt som dei hjelpte vestover.

Pensjonateigar i Askvoll, Anton Høyvik og handelsmennene i distriktet – Ole Skaar på Grytøyra, Sverre Brosvik i Værlandet, Peder Sølvberg i Askvoll og Petter Nikøy i Bulandet – var alle saman involvert i denne ulovlege flyktningtrafikken.²⁵ Det blei her utvikla eit

²³ Temaparken Bulandet: Intervju av Håvard Nikøy, Konstanse Nikøy Tysse, Gudrun Merkesvik Fedøy og Dagmar Nikøy Hillersøy.

²⁴ Temaparken Bulandet: Intervju av Håvard Nikøy, Konstanse Nikøy Tysse, Gudrun Merkesvik Fedøy og Dagmar Nikøy Hillersøy.

²⁵ Losnegård, 2011, s. 317

kodesystem for å ta kontakt med flyktningar, og det hende at flyktningane somme tider måtte haldast i skjul før dei kunne reise vidare. I 1941 var det endå ikkje nådd høgdepunktet med tyskarar i bygda, så dette blei meir risikabelt ettersom fleire tyskarar kom.

I løpet av krigsåra reiste ca. tre hundre båtar ut frå Norskekysten, dei reiste vestover med fleire tusen flyktningar. Mange av desse skøytene var utruleg små og dei var ikkje laga for det herjande Nordsjøhavet, dei var heller ikkje laga for å kjempe mot tyske militærfly og militærbåtar.

4. oktober 1941 stod Olai Hillersøy ved roret til ein kutter med namnet «Stølsgutt». Han hadde då bestemt seg for å reise til Shetland. Han var ein av fiskarane frå Bulandet som valte å reise over. Olai var ein sentral person i motstandsrørsla, og han var ein av dei som blei med i Shetlandsgjengen. «*Tenk kva vi skulle føre krig med. Det var heilt vanlege fiskebåtar, påmontert eit par maskingevær*»²⁶ sa Olai. Dei brukte heilt vanlege fiskebåtar dei første åra av krigen når Olai og resten av Shetlandsgjengen skulle føre krig.

Olai var med på turane enten som mannskap eller som skippar, og han hadde i alt ti turar over Nordsjøen med skøyter/kuttarar. Den tiande og siste turen var ein kuttar med flybensin. Desse båtane var ikkje laga for å føre krig, så på grunn av mykje tap av båtar og menneske fikk dei donert ubåtjagarar frå Amerika. Desse ubåtjagarane var utstyrte med våpen og gikk med meir knop, dette gjorde turane over Nordsjøen mykje tryggare.



Bilde 2: Olai Hillersøy. (Biletet er lånt frå Temaparken Bulandet).

Ubåtjagarane hadde namna: «*Hitra*», «*Vigra*» og «*Hessa*», og det var på sistnemnde Olai var om bord resten av krigen.

I alt hadde Olai eit imponerande tal på 29 turar over Nordsjøen ilag med Shetlandsgjengen. Men tragedien i Telavåg skulle sette ein stoppar for motstandsrørsla i øyane.

Raidet i Telavåg fant stad om våren 1942. Fiskeværet Telavåg gjorde mykje av det same motstandsarbeidet som dei gjorde ute i øyane i Askvoll. Der var det også ei motstandsrørsla

²⁶ Eithun et al, 2005, s. 202

som organiserte Nordsjøtrafikk og det var aktive agentar der. Bygda blei jamna med jorda av tyske soldatar 30. april 1942, fiskefartøya blei øydelagde eller tatt i tyskarane sitt eige, dyra blei drepne og alle menn mellom 16 og 60 år blei sende til Tyskland i fangeleir. Kvinnene og ungane blei sende til Hardanger. Tyskarane hadde fått høyre om motstandsarbeidet der ute, og det blei deretter ein samanstøyt mellom Kompani Linge menn og tyske soldatar, der to av dei tyske soldatane blei drepne,²⁷ og det var det som gjorde til at desse konsekvensane fann stad.

På grunn av Telavåg-raidet blei det opprulling lands heile kysten og 19. mai 1942 kom Gestaposkøyta til øyane i Askvoll. Då skulle det rakne for motstandsrørsla her også. Det var svært mange ute i øyane som var involverte i motstandsrørsla, åtte menn frå Værlandet og ni menn frå Bulandet blei arresterte:²⁸

| Værlandet | | Bulandet | |
|-------------------|----------------|-------------------|--------------------|
| Arrestasjonsdato: | Namn: | Arrestasjonsdato: | Namn: |
| 19. mai 1942 | Teodor Myrvåg | 19. mai 1942 | Einar Hillersøy |
| 19. mai 1942 | Harald Myrvåg | 19. mai 1942 | Edvard Hillersøy |
| 19. mai 1942 | Sigmund Myrvåg | 19. mai 1942 | Johannes Hillersøy |
| 20. mai 1942 | Henrik Leite | 19. mai 1942 | Bjarne Hillersøy |
| 21. mai 1942 | Sverre Landøy | 19. mai 1942 | Hilmar Grøneng |
| 21. mai 1942 | Jonas Leite | 19. mai 1942 | Asbjørn Melvær |
| 17. juni 1942 | Knut Landøy | 19. mai 1942 | Magnus Melvær |
| Juli 1942 | Jonas Landøy | 6. juni 1942 | Asmund Melvær |
| | | Juli 1942 | Petter Nikøy |

Men det var ikkje berre ute i øyane i Askvoll motstandsrørsla stod sterkt i krigsåra, det var fleire stadar i Askvoll som var sentrale områder, og ein av desse var Staveneset.

²⁷ <https://snl.no/Telavåg>

²⁸ Temaparken Bulandet: Lista er basert på portrettbileta på museet.

3.2 Ein familie på flykt førte Secret Intelligence Service til Staveneset

A/S Stangfjorden Elektrokemiske Fabriker var eit engelsk selskap, som hadde ein engelsk styrar med namn Maurice Russel Turner. Stongfjorden hadde Skandinavias første aluminiumsverk som var i drift frå 1908 til 1945. Når det starta opp prøvde dei først med produksjon av jod og torvkol, men ettersom dette ikkje lønte seg, blei det stopp fram til BACO – *British Aluminium Company* – tok over.

Natt til 2. mai bestemte Turner og familien seg å rømme med fabrikkbåten «*Stangfjord*» ettersom dei var britiske statsborgarar og tyskarane hadde invadert Norge. Nokre dagar etterpå kom Gestaposjef Behrens til Stongfjorden for å helse på Turner, men då var han allereie i England.

Tyskarane overtok då fabrikkjen som blei ein viktig del av krigsmaskineriet. I 1941 etablerte dei ein base i Stongfjorden med fleire hundre tyske soldatar. Aluminiumsproduksjonen i krigsåra var høg til tider, med norske arbeidarar og tysk vakthald. Før krigen produserte norsk aluminiumsindustri rundt 35 000 tonn årlig, dette skulle aukast til 250 000 tonn.²⁹

Den engelskeigde aluminiumsfabrikkjen i Stongfjorden produserte 758 tonn i 1942³⁰, som var det beste året på fleire tiår. Den norske industrien, inkludert den enorme satstinga på aluminiumsindustrien, blei dratt godt inn i det tyske regimet sin plan om å bygge ut Noreg som eit viktig militært støtteområde. Dei tyske okkupasjonsmaktene ville leggje beslag på dei dei viktige ressursane i Noreg til si krigsføring.³¹

²⁹ Stugu, 2018, s. 128

³⁰ Losnegård, 2011, s. 339

³¹ Grimnes, 2020, s. 277

Sonen til Maurice Russel Turner, John Turner, skulle spelte ei stor rolle i forhold til det som skulle skje på Staveneset. John Turner blei født 11. desember 1913 og hadde budd heile livet sitt fram til andre verdenskrig i Stongfjorden. Han var 27 år når dei måtte flykte. Når dei kom fram til England, meldte John seg inn i Secret Service i London. Han fikk der stillinga som nestkommanderande for «*The Scandinavian Section*» - oppgåva hans var dermed å velje ut folk som agentar, og deretter ta ut stasjonar for agentane langs norgeskysten. Det var stort behov for å plassere agentar langs kysten slik at dei kunne observere sjøkrigføringa inkludert dei tyske slagskipa sine plasseringar.



Bilde 3: Maurice til venstre og kona Aslaug til høgre, med ungane Per, Sylvia og John. (Biletet er henta frå Stang M. & Grøneng A.E., 1999, s. 27.)

På den måten kunne agentane rapportere kvar skipa var, kva for retning dei drog og kva for skip det var som ferdast, og dermed kunne agentane holde auge med tyskarane sine posisjonar og utvikling.³² Dei brukte Shetlandsgjengen, med eit mannskap av nordmenn som då helst var folk frå vestlandskysten, til å få agentane frakta. Her kjem John inn i bildet; han stod bak utpeikelsen av Staveneset. Grunnen til dette var fordi han var sjølv frå Stongfjorden og kjende til Staveneset, som ligg yst ute i Stongfjorden. Han meinte at dette var ein god plass å plassere spionar på. I tillegg kjende han Chester og Petrine Saltskår som budde på Staveneset. Søskenbarnet hans Louis Pettersen låg i dekning hos dei før han rømde landet.

John og Louis hadde i tillegg ei felles bestemor som var tidlegare eigar av huset på Staveneset som Chester og Petrine hadde kjøpt i 1938.³³ Frå Staveneset hadde ein god sikt til å observere alle skip som gikk gjennom den indre leia langs kysten, og blei derfor ein viktig etterretningsstad for dei allierte styrkene.

³² Saltskår, 1995, s. 8

³³ Saltskår, 1995, s. 9

3.3 PI 1 og PI 2 på Staveneset

Hos Chester og Petrine Saltskår på Staveneset var det mykje som gikk føre seg i det daglege livet. Huset på Staveneset fungerte som telegrafstasjon, postopneri, pass av fyrlykt og ekspedisjon for rutebåtar, i tillegg til gardsbruk. Dei hadde mykje å henge fingrane i, og når krigen kom skulle det bli meir.

24. november 1941 satt «*Shetlands-Larsen*» i land den første agenten på Staveneset, der PI 1 stasjonen skulle settast i gong. Dette var Eivind Viken, han kom med radiosendar og aggregat. Chester og Petrine plasserte han i Storura ovanfor huset på Staveneset, der hadde ein god sikt over skipsleia, og der han oppheldt seg var det vanskeleg å finne fram til og det låg veldig godt skjult. Dei plasserte bensinaggregatet lengst inne i ei hole i ura, og dei laga ekstra lydtemparar av kloakkrøyr som Chester hadde på lager.³⁴ 26. mars 1942 fikk han selskap av ein annan agent; Ole Snefjellå. No fekk stasjonen namnet PI 2.

Det må også nemnast at det var her på Staveneset at ein av dei dristigaste redningsoperasjonane i Sogn og Fjordane fann stad under andre verdskrig. Då det rakna i Bulandet og Værlandet for motstandsørsla som etterdønningar av Telavåg-raidet, blei det svært farleg for agentane Viken og Snefjellå og Saltskår familien å bli værande på Staveneset. Dei i øyane og dei på Staveneset hadde hatt kontakt i motstandsarbeidet, og dei hadde eit godt etablert nettverk saman. På grunn av at så mange som dei hadde hatt kontakt med allereie var arresterte, og med frykt for at tyskarane skulle få noko ut av dei, blei det satt i gang ein redningsaksjon frå England. Eit sjøfly vart sett inn for å hente motstandsfolka på Staveneset, og dei blei henta tidleg pinseaftan morgon. Dei måtte då ro ut til flyet, og deretter blei dei kasta inn i det og alle eigendelar blei liggande igjen i båten. Då flyet letta kom det framfor ein tysk vaktbåt, der stod det folk ved skytset på båten. Flyet sende dei tyske morsesignal og venlege helsingar med vengene – det kom aldri skot frå tyskarane.³⁵

Motstandsørsla frå Askvoll gav seg ikkje her. Sjølv om Chester og Petrine måtte flykte, fortsette Chester som motstandsarbeidar gjennom resten av krigen, og syster hans Oddny Hollevik fortsette der Chester og Petrine slapp på Staveneset.

³⁴ Saltskår, 1995, s. 8

³⁵ Saltskår, 1995, s. 21

I 1944 ville etterretningstenesta sette opp ein ny radiostasjon på Staveneset, og 22. august 1944 kom Shetlands-Larsen tilbake til Staveneset, denne gongen med ubåtjagaren «*Vigra*» og agentane Dagfinn Ulriksen og Ivar Møller. Oddny og Anton Hollevik, som var forlova, hjalp agentane på best muleg vis og dei prøvde å være så forsiktige som mogeleg. Dei hadde agentane hos seg i sju månadar, der dei heldt seg i same ura som Viken og Snefjellå hadde opphaldt seg i tidlegare. Her fikk dei sendt ei rekke viktige meldingar om kva dei observerte til «*Home Station*».³⁶

Agentane blei henta igjen av Shetlands-Larsen i mars 1944. Grunnen til dette var fordi tyskarane hadde begynt å peile seg inn på stasjonen på Staveneset. Tyskarane hadde gode peilestasjonar i Tyskland for å peile allierte sendarar. Desse kunne då ikkje peile avstanden, men dei kunne peile retninga av sendaren. Ein måtte då ha ei krysspeiling.³⁷ Om tyskarane fann ut at det var ein sendar innan eit bestemt område, gav dei deretter beskjed for så å plassere ut båtar med peileantenne og peileapparat.

Oddny og Anton blei tilbudd å slå følgje med agentane vestover, men dei takka nei. Dette var på grunn av at dei var redde for kva som kunne skje med familien til Anton. Etter at agentane var reist blei dei åtvare av ein frå same bygda om at det var ein som hadde gitt tyskarane informasjon om det som gikk føre seg ute på Staveneset. Dei prøvde då å skjule alle spor, dette gikk dessverre ikkje så bra som dei håpa. Neste morgon låg det klynger med tyskarar rundt heile huset på Staveneset. Dei blei så ført opp i ura der agentane tidlegare hadde vore, der tyskarane fann ein antenneleidning som dei kvelden før hadde oversett.³⁸ Dette resulterte i at dei blei sende til Høyanger og torturert av Gestapo.



Bilde 4: Oddny og Anton midt i biletet. Biletet er teke når dei blei arresterte av Gestapo. (Biletet er henta frå Losnegård, 2011, s. 321).

³⁶ Home Station var sambandet mellom Noreg og England.

³⁷ Saltskår, 1995, s. 16

³⁸ Saltskår, 1995, s. 35

Gestapo hadde eit avdelingskontor for Sogn og Fjordane i Høyanger, der SS-Hauptscharführer Johannes Helmuth Klötzer var sjef.³⁹ Dette var grunnen til at dei blei sende til Høyanger. Ingen av dei sa noko som helst til tyskarane, og freden kom før dommen deira blei avgjort.

«Jøssingbrudlaup på Staveneset» stod det i Firda 26. januar 1946⁴⁰, med bilde av då Oddny og Anton gifte seg, med eit stort brurefølge:



Bilde 5: Mennene i marineuniform til venstre for brudeparet er Dagfinn Ulriksen, Chester Saltskår og Per Nybø, som reiste tidleg over til England. På andre sida i engelsk uniform står Eivind Viken. Bak brura Oddy står Petrine Saltskår. (Biletet er henta frå Eithun, G., Berge, K.R. & Kleppa, H., 2005, s. 195)

Chester var den einaste av dei som var involvert i motstandsrørsla på Staveneset som vart dekorert for krigsinnsatsen:⁴¹

St. Olavs Medaljen med Ekegren for hemmeleg militær verksemd, *King George VI's Medal for Courage* for innsatsen under Secret Intelligence Service and Admiralty og *Kong Haakon VII's Medalje*.

Men det var ikkje berre gjennom etterretningsarbeid og kontakt vestover at folk i Askvoll viste motstand. Lokale institusjonar tok også del i den sivile motstanden.

³⁹ Eithun et al, 2005, s. 45

⁴⁰ Firda, 26.01.1946

⁴¹ Saltskår, 1995, s. 45

4.0 Askvoll ville ikkje ta del i nyordninga

25. september 1940 var starten på å innføre nasjonalsosialismen i Noreg. Dette var nazifisering av sentraladministrasjon, rettsvesen, direktorat, etatar, politi, fylkesmenn og kommunalforvaltning. Alle politiske parti utanom NS vart forbodne.⁴² Askvoll blei, som resten av Noreg, også ramma av nyordningsforsøka.

4.1 NS i Askvoll: *Dyrlækjar Slåttelid*

Lokalt skulle ikkje ordførar og varaordførar veljast, dei skulle no bli oppnemnd av innanriksdepartementet i samråd med fylkesmannen og NS-fylkesføraren, til tross for dette var det fortsatt mange av dei gamle ordførarane som blei oppnemnd.⁴³ I Askvoll fortsette mange av dei frå det gamle kommunestyret – som no skulle heite *heradstinget* – og ordførar Olai Einen skulle fortsette i si stilling som ordførar. Etterkvart blei det vanskeleg, då heradstinget i Askvoll gjorde enkelte vedtak som syntes å ikkje støtte oppunder dei nye styresmaktene. Dei sa nei til å løyve pengar til Den norske legion⁴⁴ og ved ei seinare anledning bad dei om at handelsmann Ole Skaar og sønene skulle få kome ut av fengsel.⁴⁵

Dette falt ikkje i god jord hos NS-fylkesmannen, og dei begynte derfor å leite etter NS-medlem som skulle settast inn i lokalstyret i Askvoll. Dei blei no stilt strengare krav til partimedlemskap og truskap til føraren, og eit fleirtall av dei gamle ordførarane blei no bytte ut med NS-folk.⁴⁶

På nyåret i 1943 vart dyrlækjar og NS-medlem Harald Slåttelid utpeika som ordførar i Askvoll. Slåttelid hadde allereie i 1942 sett opp ei «*jøssingliste*» for Askvoll.⁴⁷ At han no blei ordførar skulle i utgangspunktet eigentleg være ein fordel for NS, men bygdefolket i Askvoll såg absolutt ikkje på dette som noko fordel, noko som gjorde det vanskeligare for NS igjen, og det blei ikkje ein fordel for NS i det lange løp. Formennene i heradstinget i Askvoll svara

⁴² Stugu, 2018, s. 127

⁴³ Stugu, 2018, s. 134

⁴⁴ Norske frontkjemparar som skulle kjempe på tyskarane si side på austfronten.

⁴⁵ Losnegård, 2011, s. 323

⁴⁶ Stugu, 2018, s. 135

⁴⁷ Firda Folkeblad, 30.04.1946

med boikott. Slåttelid trua med den militære straffelova⁴⁸ då det ikkje var nokon som møtte opp på eit møte, dette for å få mennene til å møte opp. Den tyske kona til Harald Slåttelid, Lina Slåttelid, blei satt inn i stillinga «rådjevande husmor» på skulen i Askvoll.

Elles enn dei to var det lite NS-medlem i Askvoll kommune under krigsåra, og eit medlem i NS blei ikkje godt motteke.

4.2 Lærarstriden i Askvoll

Skulane var berre eit av fleire verktøy i ein plan som skulle omfatte heile det norske samfunnet, nemleg det at NS ville ha skulane med i nazifiseringsprosessen. Grunnen til dette var fordi skulane hadde ei sentral rolle innan nazifiseringsprosjektet til Nasjonal Samling, og den rolla var at det var ungdommen som var den viktigaste bærebjelken for det nazistiske folkefellesskapet, dette for å sikre at den nazistiske stat skulle fortsette ut fleire generasjonar. Målet var å sørge for at norske lærarar oppdrog ungane på nazistisk vis.

Dette skapte stor motstand. Laurdag 14. februar 1941 heldt læraranes aksjonskomité sitt avgjerande møte. Dei vedtok motaksjon mot nazifisering av skulane; alle lærarar, lærarinner og lektorar skulle protestere både mot ungdomstenesten og mot medlemskap i lærarsambandet ved å underteikne følgjande erklæring og sende den til Norges lærarsamband, Kristian Augusts gate 19 i Oslo:

«Jeg finner ikke å kunne medvirke til en oppdragelse av Norges ungdom etter de linjer som er satt opp for NS' ungdomstjeneste, da dette strider mot min samvittighet. Da et medlemskap i Norges lærersamband etter landslederens uttalelser bl.a. pålegger meg forpliktelse til en slik oppdragelse, og det dessuten stiller andre krav som strider mot mine tilsetningsvilkår, finner jeg å burde meddele at jeg ikke kan betrakte meg som medlem av lærersambandet.»⁴⁹

Motstanden var stor blant lærarane, der 14 000 valde å melde seg ut av fagforeiningane. Masse-utmeldingane av lærarorganisasjonane sommaren og hausten 1941 hadde vore stor

⁴⁸ Losnegård, 2011, s. 323

⁴⁹ Nøkleby, 1986, s. 78

suksess. Nazistane sat igjen med tomme hus av lektorlag og lærarlag.

Ein stor del av lærarane som melde seg ut av lærarorganisasjonane hadde no begynt å engasjere seg i illegale nettverk og foreiningar. Det hadde allereie danna seg ein heimefront, og motstand var nødvendig for at ikkje Noreg skulle bli ny-ordna i nazistisk regi.

«*Quislingane*» stod no mot «*Jøssingane*». Under den tyske okkupasjonen blei ordet «*Jøssing*» brukt som eit komplement for ein norsk patriot, ordet «*Quisling*» blei og blir fortsatt brukt i den samanheng at ein er ein forrædar.

I Oslo ved nyttår 1942 fantast det ein «heimefrontens sekretariat», som blei kalla for Koordinasjons komiteen eller KK. Dette sekretariatet bestod av to legar, tre lærarar, to juristar, to prestar og ein ingeniør. Dei møttes som illegale representantar for yrkesorganisasjonane, også for dei forskjellige yrkesgrupper hadde illegal leiing etter nyordningsforsøka i 1941.⁵⁰

Endå dei hadde dette sekretariatet så hadde ikkje heimefronten noko fast leiing, men lærarane hadde eigne nettverk der dei fikk og gav informasjon, kontakt, støtte og råd.

Quisling kom med ei forordning 5. februar 1942 som fastsette at alle norske jenter og gutar som var mellom ti og atten år skulle tenestegjere i NS Ungdomsfylking⁵¹, og eit medlemskap i NSUF⁵² var obligatorisk.

«*Forsøker å overføre den formilitære opplæring, som hittil har foregått i Tyskland, til Norge*»⁵³ står det i NS sin Riks- og Rådsmøteprotokoll.

Dette gjorde til at lærarane blei pålagde obligatorisk medlemskap i Norges Lærarsamband innanfor NS-organisasjonen sidan dei var pålagde å stå i nærkontakt med elevar som då blei medlem i NSUF.

Nyordninga blei møtt med protestar og boikott. I Askvoll nekta sytten lærarar nekta å skrive under på medlemskapet og lova om NSUF blei det stor protest av. Det var berre ein lærar i

⁵⁰ Nøkleby, 1986, s. 74

⁵¹ NS Ungdomsfylking: Nasjonal Samlings organisasjon for alderen ti-atten år, og var ein tilsvarande organisasjon som Hitler-Jugend

⁵² Nasjonal Samlings Ungdomsfylking

⁵³ Nasjonal Samling (NS) Generalsekretariat, RA/PA-0759/A/LO117: NS Riks- og Rådsmøteprotokoll, 1934-1945, s. 114-115

Askvoll som var NS-medlem frå før.⁵⁴ Skulestyra vart pålagde å arbeide ut oppgåver til skuleungar som hadde obligatorisk medlemskap i organisasjonen. Formann Mads Flokenes og rådgjevande formann Tormod Rogne var ikkje villig til å gjennomføre dette, og ville bli fritekne frå verva sine. Harald Slåttelid, som blei utpeika ordførar i Askvoll i 1943, meinte at det burde hengjast opp eit bilete av NS-føraren på heidersplass i alle klasserom, helst i glas og ramme. Dette var formannen Mads Flokenes i mot, og svara blant anna: «Det vil tvert imot gjera motstanden mot partiet sterkare enn det alt er hjå folket her».⁵⁵ Det blei deretter ikkje noko bilete av NS-føraren i Askvoll skule sine klasseorm.

Den 20. mars 1942 blei ca. 1100 lærarar over heile landet arresterte, dette var på grunn av lærarane sin protest mot den nye lova om Nasjonal Ungdomstjeneste. Dette resulterte i at Magnus Sandøy frå Askvoll var ein av desse som blei sendt vidare til Kirkenes. Dei fleste av lærarane blei sendt på tvangsarbeid i Nord-Norge. I NS sin regjeringsmøte-protokoll frå 20. august 1942 står det skrivne følgjande: «*De arresterte lærere som er anbragt i Nord-Norge avskjediges fra sine stillinger, eventuelt embeter. Når den enkelte frigis, kan departementet om det anser dette ønskelig, gi vedkommende anledning til på ny å søke stillinger i skolen*».⁵⁶ Lærarane fikk reise heimatt i løpet av hausten.

Björg Kirkeli frå Værlandet i Askvoll var skuleunge då krigen braut ut. Læraren i Værlandet flykta til England i 1941, og dei fekk ein NS-lærar hausten 1942. Dei to-tre fyste dagane heldt foreldra i Værlandet ungane heime frå skulen, men etter kvart kom alle på skulen igjen.

Ho sa at det å ha ein lærar som var medlem i Nasjonal Samling buande i miljøet og som arbeidde på skulen var ei stor utfordring for alle partar. Endå han var ein såkalla «snill-nazist», så var han fortsatt eit framandelement i miljøet i øyane.

Elevane forstod seg ikkje på ideologiske eller politiske motsetningar mellom nasjonane, og dei forstod seg heller ikkje på krigen. Ho fortel vidare at dei som ungar heller personifiserte fienden. Sak og person gjekk saman i eitt. Dei trong å markere seg som gode nordmenn dei også, og tok i bruk mange slags verkemiddel, blant anna song dei Fedrelandssongen som aldri før, både i tide og utide. Ho minnst særleg når boka til Hitler «*Min kamp*» kom på

⁵⁴ Losnegård, 2011, s. 324

⁵⁵ Losnegård, 2011, s. 324

⁵⁶ NS-administrasjonen 1940-1945 (Statsrådsekretariatet, de kommissariske statsråder mm), RA/S-4279/D/Da/L0001: Beslutninger og tillegg (1-952 og 1-32), 1942, s. 115

skulebiblioteket. Ingen av elevane hadde sympati med mannen og ingen av elevane fikk leselyst heller av den boka – så dei stunda etter laglege høve til å syne deira uvilje mot dette «Hitlers ådsverk»⁵⁷ - høvde det seg slik at læraren var på trygg avstand frå skulehuset, stilte den eine av dei store gutane opp som servar, og boka fekk sin velfortente medfart.

Ho fauk «vegg-i-mellom», tørna mot tavla og bjelkane i taket, klaska mot pultane og vindaugskarmane, deretter blei boka så liggjande på golvet med utslegne permar som «ei daue skjor».⁵⁸ Når læraren då kom attende, stod «*Min kamp*» fint i bokhylla mellom god norsk barnelitteratur. Ho avsluttar med at Hitler si bok fikk ikkje den mottakinga av elevane som myndigheitene ynskja, men den hadde ein viktig funksjon for skuleelevane; «*Vi fekk noko handfast å avreagere på*».⁵⁹

Men det var ikkje berre skulane, lærarane og skuleungane som blei ramma av nazifiseringa. Ungdomslaga skulle også nazifiserast.

Ungdomslaga i Noreg var ei samanslutning av unge folk som arbeida for kulturelle, religiøse og sosiale formål. Dei fleste bygder hadde ungdomslag, og dei låg under Noregs Ungdomslag som var ei landsdekkande samanslutning for ungdomslaga i Noreg.⁶⁰

Framtak Ungdomslag var ungdomslaget for Vårdal og Helle i Askvoll. Dei fekk fleire brev om vedtak og endringar som skulle gjerast innanfor laget, i tillegg til krav om å måtte opplyse namn på formann, medlemstal av laget og verdipapir.

Dette var NS-medlem Dagvald Bakke frå Holmedal som hadde fått ansvaret for. Han skulle gjennomføre nazifisering av Framtak Ungdomslag. Ungdomslaget brente breva og svarte aldri, dei valte heller å svare på den måten at dei gikk i «dvale» hausten 1941. Som protest fortsette dei å halde 2. juledagsfestar alle krigsåra, der dei song «Gud signe, Håkon vår» til ære for kongen som avslutning på festen i 1941, og i 1944 song dei Fedrelandssongen.⁶¹

⁵⁷ Temaparken Bulandet: Minne frå verdskrigen 1940-1945: Bjørg Kirkeli

⁵⁸ Temaparken Bulandet: Minne frå verdskrigen 1940-1945: Bjørg Kirkeli

⁵⁹ Temaparken Bulandet: Minne frå verdskrigen 1940-1945: Bjørg Kirkeli

⁶⁰ <https://www.ungdomslag.no/om-oss/historia-om-nu/>

⁶¹ Sogehefte for Askvoll kommune, 2014, s. 73

4.3 Kyrkjekampen: Sokneprest Rasmus Håskoll

I 1940 bestemte biskopar og leiarar av kristne organisasjonar seg for å samlast mot nyordninga. Kyrkja sin organisasjon hadde sjølvstort stor innflytelse på nordmennene, derfor ønska okkupasjonsmaktene å få med også kyrkja som eit verktøy, men nazifiseringsforsøka var etter kyrkjens meining rettsstridige.

Dei norske biskopane protesterte mot overgrep og maktbruk ved å sende ut «hyrdebrevet»⁶². Denne aksjonen var ei markering om at det nye regimet ikkje kunne rekne med oppslutning frå kyrkja. Når Quisling svara med å avsette biskopane, samarbeida den norske prestestand og la ned embeta sine.

Innan april 1942 hadde over nitti prosent av prestane i Noreg lagt ned embeta sine som ein protest mot NS og nazifiseringa av samfunnet. Dei fann seg heller ikkje i nazifiseringa av ungdom og skulen. Dei la ned under påskedagsgudstenesta i 1942 ved at dei las opp «*Kirkens Grunn*»⁶³ frå preikestolen som eit oppgjær mot okkupasjonsmaktene og braut deretter med staten.⁶⁴

Kyrkja blei deretter ikkje direkte nazifisert, men NS ville fortsatt kontrollere gudsteneste innhaldet, ilag med å observere haldningane til prestane. Dei prestane som blei sitt på som ein trussel mot nyordninga blei arresterte og/eller forviste.

Ein av desse var sokneprest Rasmus Håskoll i Askvoll: «*Sokneprest i Askvoll prestegjeld under Sunnfjord prosti i Björgvin bispedømme, Rasmus Håskoll, avskjediges fra sitt embete fra 15. februar 1944 å regne*»⁶⁵, står det i protokollen frå ministermøtet til NS i 1944.

Rasmus Håskoll og familien flytta til Askvoll i 1939, der jobba han som sokneprest. Når krigen kom til landet var han ein av dei prestane som ikkje fann seg i nazifiseringa. Håskoll las opp biskopen sitt brev for soknelyden 8. mars 1942, og deretter Quisling sitt rundskriv, med kommentarar til desse. Dette blei rapportert til minister Scancke – sjefen for Kyrkje- og

⁶² Hyrdebrevet var fordømming av Hirdens vold- og maktbruk mot nordmenn.

⁶³ Kirkens Grunn hevda kyrkjens suverenitet og åndelege friheit.

⁶⁴ Nøkleby, 1986, s. 58

⁶⁵ NS-administrasjonen 1940-1945 (Statsrådssekretariatet, de kommissariske statsråder mm), RA/S-4279/D/Da/L0005: Protokoll fra ministermøte, 1944, s. 15

undervisningsdepartementet i NS – av NS-ordføraren Harald Slåttelid. Han skreiv så vidare at Håskoll hadde halde ei «*tendensiøs preik i jøssing-ånd*» og informerte om at han hadde ført opp Håskoll som «*jøssing nr. 1*» i Askvoll.⁶⁶

Jonsokaftan 1943 skulle det haldast gravferd for Anton Kristoffer Hagerup i Askvoll kyrkje, han var ein norsk flygar som blei nedskåten på Staveneset same år, etter å ha gått til angrep på eit tysk skip. Dette var noko tyskarane var stornøgde med, og jubla over hendinga. Dei tyske styresmaktene i Askvoll ville ha ein nazistisk gravferd, men dette nekta Håskoll å være med på. Det enda opp med at det var dyrlækjar Slåttelid som leia gravferda.⁶⁷

Håskoll hadde ei holdning mot det nazistiske styret og dei tyske soldatane som NS ikkje aksepterte, og sommaren 1943 blei han kalla inn til avhøyr i Bergen. Der blei han behandla svært dårleg av nazistane, i tillegg fikk han 800 kroner i bot, og blei deretter avsett og forvist frå grensesone Vest.⁶⁸ Håskoll enda opp med å få lov å drive heimgarden i Volda, men han fikk ikkje lov å ta med seg noko eigendelar.⁶⁹



Bilde 6: Rasmus Håskoll og tyske soldatar under ei gravferd for to nedskotne flygarar i Askvoll. (Biletet er henta frå Askvoll Kyrkjeblad, 2017, s. 9).

Askvoll fikk ny prest våren 1944, og det var NS-medlem Atle Svanøe. Dette falt ikkje i god jord hos lokalfolket i Askvoll. Dei fleste i bygda ville ikkje ha noko med den nye presten å gjere. Dette enda med at alle Askvoll-konfirmantane i 1944 reiste på konfirmantførebuing hos soknepresten i Fjaler, Ivar Døskeland, i Holmedal. Askvoll-konfirmantane inkluderte konfirmantar frå Askvoll sentrum, Fure, Stongfjorden og Atløy.

⁶⁶ Firda Folkeblad, 30.04.1946

⁶⁷ Losnegård, 2011, s. 299

⁶⁸ Firda Folkeblad, 30.04.1946

⁶⁹ Askvoll kyrkjeblad, 2017, s. 8

Dei frå Værlandet og Bulandet drog til Solund. Det var altså ingen som ville konfirmerast av ein NS-prest og ikkje fikk dei lov av foreldra heller.⁷⁰

Håskoll fikk eit kort telegram då krigen slutta; «Kom og hald gudsteneste 17. mai. Flokenes.»⁷¹ Det Mads Flokenes som sende telegrammet.

Som Stugu skriv, var det eit klart nederlag for regimet, då lova om ungdomsfylking blei i praksis lagt død, undervisninga i skulen fortsette stort sett å halde fram slik som før og det blei delvis godteke at prestane heldt fram med gjerninga si.⁷² Dette var eit stort tilbakesteg for dei tyske okkupasjonsmaktene.

4.4 Radio og andre illegale aktivitetar

Ein ser at det fanst fleire forskjellige typar illegale aktivitetar i Askvoll under andre verdskrig. Då tyskarane okkuperte landet måtte alle levere inn radioane sine. I 1942 trua dei tyske okkupasjonsmaktene med dødsstraff for dei som hørte på fiendtleg radio.⁷³ Til tross for dette hadde dei fleste bygder ein hemmeleg radio;

På Staveneset hos Saltskår-familien hadde dei ein hemmeleg radio dei ikkje leverte inn når krigen byrja. Der hørte dei på sendingar frå London og skreiv ned nyhende, som dei delte med naboane.⁷⁴

Ute i øyane hadde dei også hemmelege radioar gøymt omkring på øyene. Sivert og Gerhard Halsøy hadde radio under nesten heile krigen. Der dei gøymte radio i naustet, og når det kom meir tyskarar der ute og arrestasjonar føregikk gøymde dei radio ut på Vassøyna.⁷⁵

Elles i Askvoll sentrum hadde dei radio på sjukeheimen, der formidla Alf Tronstad nyhende frå London til sambygdingane sine. På teglverket i Vårdal hadde Haldor Vårdal ein radio han gøymde i omnen.⁷⁶

⁷⁰ Sogeskrift for Askvoll kommune, nr. 7, s. 27

⁷¹ Askvoll kyrkjeblad, 2017, s. 8

⁷² Stugu, 2018, s. 139

⁷³ Stugu, 2018, s. 137

⁷⁴ Saltskår, 1995, s. 5

⁷⁵ Vassøyna er ei av øyene lengst vest i øygruppa i Bulandet og Værlandet.

⁷⁶ Losnegård, 2011, s. 340

I øyane tok dei i mot store våpenleveransar frå England, som dei skjulte godt på forskjellige plassar. Min eigen oldefar, Sakarias Olset, mura inne våpena sine i grunnmuren på huset då krigen byrja, og han var ikkje den einaste.

Dei hadde fleire hemmelege samlingar, radiomøter, informasjonsmøter, dans og hemmelege 17. mai feiringar i dei små bygdene i Askvoll. I 1942 feira nærmare 50 menneske 17. mai ved Krikavasshytta⁷⁷ til handelsmannen Lasse Yndestad i Stongfjorden.⁷⁸ Der var det menneske frå alderen fem til sytti år, og dei gjekk til fjells i små grupper slik at ikkje tyskarane skulle få med seg kva som fant stad. Der var det synging av fedrelandssong, tale og 17. mai-tog.

Alt dette inngikk i eit motstandsnettverk som knyta heile kommunen i hope, og dei lokale fikk eit heilt spesielt samhald. Dei tyske okkupasjonsmaktene greidde ikkje å vinne kampen mot folkeopinionen, uansett kva for metodar dei prøvde.

5.0 Drøfting og konklusjon

I løpet av teksten har ein no fått eit innsyn i motstanden so ein fann blant dei lokale kystfolka i Askvoll under andre verdskrig. Ein har fått eit innsyn i privat personar sitt motstandsarbeid, skulen sitt motstandsarbeid og kyrkja sitt motstandsarbeid mot okkupasjonsmaktene. Det har blitt nemnd forskjellige illegale aktivitetar. Eg har også nemnt aluminiumsfabrikken i Stongfjorden, kvifor det?

Grunnen til at eg meiner at aluminiumsfabrikken i Stongfjorden er eit sentralt punkt å ta med i denne oppgåva er fordi her får ein vite korleis Staveneset blei satt på kartet. Det er vesentleg tilleggsinformasjon for å forstå korleis motstandsarbeidet utarta seg i kystkommunen, og korleis kommunen blei med i det store biletet. I tillegg er dette eit godt eksempel på den økonomiske vinklinga av historieskrivinga.

⁷⁷ Hytta låg ved Krikavatnet på fjellet mellom Stongfjorden og Førdefjorden.

⁷⁸ Stang et al, 1999, s. 105

Historieskrivinga om andre verdskrig har ekspandert i løpet av åra og nye felt er dratt inn som dreiar seg om meir enn berre den nasjonale kampen mot okkupasjonsmaktene. Spørsmål til fortida har blitt mange fleire, og dette er eit viktig trekk innan utviklinga av historiefaget dei siste hundre åra. Ein har i dag mange fleire innfallsvinklar og valmoglegheiter.⁷⁹

Grimnes nemnar i sin artikkel at det lenge blei skriva lite om den økonomiske utviklinga under krigen. No i seinare tid har forskarar tråkka ned frå den nasjonale kampen innan andre verdskrig, og ser nærmare på den tyske krigsøkonomien sitt inntog i Norge, og det utstrakte økonomiske hopehavet som fanst mellom tyskarar og nordmenn under okkupasjonstida.⁸⁰ Okkupasjonsmaktene hadde meir langsiktige utbyggingsplanar for den norske produksjonen, og det var vesentleg å tilpasse norsk økonomi til tyske behov.⁸¹

Det er her Stongfjorden aluminiumsfabrikk kjem inn som ein av mange medspelarar for dei tyske okkupasjonsmaktene, der produksjon av lettmetall som aluminium og magnesium var viktige for blant anna flyproduksjonen som gikk inn i krigsmaskineriet.

Her får ein eit godt eksempel på korleis Tyskland sin okkupasjon også var ein økonomisk okkupasjon, og for å forstå okkupasjonshistoria, må ein igjen forstå at norsk industri blei ein del av tysk industri, og det er her dei økonomiske forbindelsane med England før krigen er viktige for å forstå motstandsørsla også. Det som er med historie er at notid og fortid flettast i hope medan historia blir skriva, som blir eit evig vekslande samspel.⁸²

Stongfjorden aluminiumsfabrikk var engelsk eigd når krigen braut ut, og den engelske styraren med familie flykta til England. Her frå hadde dei ingen kontroll på dette tidspunktet over kva som skjedde vidare med fabrikkjen når dei tyske okkupasjonsmaktene hadde meldt sin innkomst. Det John Turner derimot gjorde var å sette Staveneset på kartet som ein god stad for dei britiske etterretningane. Hadde det ikkje vore for at han melde seg inn i Secret Service i London etter flykta, så er det lite truleg at Staveneset hadde blitt peika ut som ein plass for agentar. Han hadde allereie eit tillits nettverk til folket på Staveneset frå før krigen som han var trygg på. Dette utgjorde ei stor rolle for det som skulle skje på Staveneset seinare i krigen, og ikkje minst for det motstandsørsla fikk utretta her ute.

⁷⁹ Andersen et al, s. 23

⁸⁰ Grimnes, 2020, s. 277

⁸¹ Stugu, 2018, s. 128

⁸² Grimnes, 2020, s. 274

Med tanke på det som fann stad i øyane så kan nok mange tenke seg at det var tilfeldig at Bulandet blei strategisk viktig for motstandsørsla, då det fanst fleire strategiske punkt yst ute ved heile norgeskysten, men om ein ser på det arbeidet som blei utretta der ute, saman med eit lokalt nettverk av dei andre handelsmennene i kommunen, så ser ein at deira stillingar som handelsmenn peikar seg spesielt ut. Spesielt då med tanke på firmaet «*P.Nikø*», som hadde alle funksjonane som det hadde, dette gjorde til at Bulandet blei eit strategisk punkt, då med at Petter Nikøy var ein sentral person med eit stort handelsnettverk som var på plass allereie før krigen byrja, som gjorde det illegale arbeidet meir gjennomførleg enn det kanskje elles hadde vore med nokon som ikkje hadde hatt det same nettverket og funksjonane.

Det er også blitt argumentert i teksten for at det lokale nettverket som allereie var etablert før krigen var viktig. Ein kan jo stille spørsmål til kvifor dette var viktig å nemne. Grunnen til at dette er vesentleg i denne samanheng er fordi dei etablerte nettverka gjorde det enklare å få ei godt organisert motstandsørslé på lokalt nivå, som også gikk utover på eit regionalt og internasjonalt nivå. Om ein ser på det arbeidet dei utretta der ute, saman med eit lokalt nettverk, så ser ein at dette hadde vore vanskeleg utan alle som organiserte seg ilag med dei. Ein har dei som reiste over til Shetland for å ta del i motstandsørslé, dei som lånte vekk fiskeskøytene sine, dei som reiste med fiskeskøytene sine, der verken menneska eller skøytene var eigna til krig, og om ein ser på innsatsen med å bringe agentar til og frå Shetland, ha våpenlager og det å hjelpe flyktningar – alt dette var eit resultat av eit godt etablert nettverk, som igjen var grunnmuren til ei danning av eit endå større nettverk igjen, som gjorde til at motstandsørslé slo røter langs heile norgeskysten. Utan desse hadde ikkje Shetlandsfarten stått like sterkt.

Teksten kjem også innpå holdningskampen, der ein les om lærarane og prestane sine holdningskampar, også lokalt i Askvoll. Kva for rolle spelte desse opp i mot den større krigen igjen? Grimnes nemnar i artikkelen at det sivile samfunnet røyste seg i ein protest som blei uttrykt gjennom oppsiktsvekkande kollektivaksjonar og individuelle boikottreaksjonar i kvardagslivet.⁸³ Rasmus Håskoll og lærarane i Askvoll var med på å gjer det vanskeleg for NS og dei tyske okkupasjonsmaktene å få truverdigheit, og det blei vanskeleg for NS å slå gjennom på alle områder som dei helst ville. Då Håskoll offentleg ved fleire høve nekta å

⁸³ Grimnes, 2020, s. 284

være med på nazifiseringa og ikkje fann seg i dei tyske haldningane, og då dei sytten lærarane i Askvoll nekta å skrive under på medlemskap og lova om NSUF, så satte Håskoll og lærarane eit stort lokalt fotspor av motstand i den store haldningskampen som kyrkja og skulen var med i. Dei var med på den landsdekkande haldningskampen når dei gikk i mot nyordninga og nazifiseringa, og denne kampen blei «bærebjelkane» for den sivile motstandsrørsla. Dette gjorde til at motstandsrørsla stod sterkare mot dei okkuperande maktene. Det er slik som Stugu skriv: «dette var eit klart nederlag for regimet».⁸⁴ Endå ein kan tenke seg at ei motstandsrørsla hadde nok utvikla seg, uansett om NS hadde vore i biletet eller ikkje, men med haldningskampen til kyrkja og lærarane fikk det norske samfunnet store, og ikkje minst sterke, institusjonar som stod rak i ryggen mot nazifiseringa.

Grimnes skriv at den sivile motstanden er i løpet av dei siste åra komen meir i skuggen i forhold til kva den var rett etter krigen. Han meina tida er inne for å sette meir søkelys på den sivile motstanden, fordi den militære motstanden er no den som får størst oppmerksomheit.⁸⁵ Det er det som er poenget med oppgåva mi, det å sjå korleis kystfolket i Askvoll jobba, både indirekte og direkte, mot dei tyske okkupasjonsmaktene. Det er endå like viktig å sette søkelyset på det arbeidet som blei utretta av sivilbefolkninga under andre verdenskrig, for utan det dei utretta under krigen kunne kampen om eit fritt Noreg enda i ein heilt annan retning. Det er viktig at ein ser dei små brikkene i eit puslespel, for utan dei får ein ikkje eit fullstendig bilete.

Konklusjon

Nærleiken til havet spelte ei betydeleg rolle for kystkommunen Askvoll under andre verdenskrig. Det at dei yste øyane låg sopass nærme Shetland inngikk i eit strategisk samspel mellom norgeskysten og Shetland. Den korte avstanden til Shetland gjorde eit arbeid mot okkupasjonsmaktene meir gjennomførleg enn det hadde vore med ein lengre avstand. Det at kystfolket var både båt- og sjøvande fiskarar var ein klar fordel for etterretningane, her fikk dei store medhjelparar som kunne kystlinja i området både ut og inn, og dei visste korleis dei skulle navigere i den til tider stormande Nordsjøen, då dette var noko dei hadde vakse opp

⁸⁴ Stugu, 2018, s. 139

⁸⁵ Grimnes, 2020, s. 284

med. I tillegg jobba motstandsfolka i øyane og på Staveneset tett ilag med Shetlandsgjengen som blei store bidragsytarar til at resten av lokalsamfunnet jobba mot okkupasjonsmaktene på ein passiv og aktiv måte. I eit så lite og tett samfunn får ein til tider ei stor påverknadskraft, spesielt når ein allereie har etablerte nettverk. Det etablerte nettverket som gikk inn i «P.Nikø» si bedrift, med handelsruter og med fleire viktige funksjonar i bedrifta, blei grunnlaget for motstandsrørsla danna i Askvoll. Han fungerte som eit slags lim mellom Askvoll og Shetland i si stilling som handelsmann, og utgjorde derfor ein utruleg viktig jobb for motstandsrørsla.

Når Askvoll blei med i «Festung Norwegen» blei det store utbyggingar i kommunen som gjorde til at det kom fleire tyskarar til bygda, det same gjaldt når tyskarane tok over aluminiumsfabrikken i Stongfjorden, der følgjene av dette var at det kom hundrevis av fleire tyskarar til kommunen, som resulterte i at Askvoll kommune fikk fleire tyskarar til bygdene sine enn ein del andre nabokommunar. Når ein då får okkupasjonsmakta så tett på seg, og ein i tillegg hadde store motstandsfolk i heile kommunen, blir det automatisk danna ei motstand blant kystfolket mot dei tyske okkupasjonsmaktene.

Ein kan jo tenke seg at dette kanskje var grunnen for den lave NS-oppslutninga i Askvoll kommune også, men dette er vanskeleg å konkludere med då det som regel var forskjellige grunnar til at det var stor variasjon i NS-oppslutning både på kommunalt- og fylkesnivå.

Arbeidet som lokalfolket i Askvoll la ned for motstandsrørsla er ein viktig faktor for det store og heile biletet av motstandsrørsla under andre verdskrig. Sjølv om hendingane og personane frå kommunen kanskje ikkje peikar seg spesielt ut i dei store historiebøkene, er det grådig viktig å fortsette å belyse dette for å få ei større forståing av korleis historia blei til. Det er så utruleg mange små bitar ein må sette i hope for å få det store og heile biletet på plass.

Jobben som kystfolket i Askvoll utretta under andre verdskrig er like viktig å belyse som alt anna innan emnet om andre verdskrig, nettopp fordi dei var med på å forme historia vår.

6.0 Kjelde- og litteraturliste

- Andersen, A., Rosland, S., Ryymin, T. & Skålevåg, S.A. (2015). *Å gripe fortida: Innføring i historisk forståing og metode*. (2.utg.). Det Norske Samlaget.
- Eithun, G., Berge, K.R. & Kleppa, H. (2005). *Krigsåar: Liv og lagnader i Sogn og Fjordane 1940-1945*. (1.utg.). Selja forlag.
- Grimnes, O.K. (2020). *Hvordan har historieskrivingen om okkupasjonsårene skiftet over tid?* (3.utg.) Universitetsforlaget.
- Haugen, L.H. (2017). Presten Rasmus Håskoll i krigsåra i Askvoll. *Kyrkjeblad for Askvoll*, 2017(2), 8-9. Askvoll kyrkjekontor.
- Karlsen, T.I. & Thorsnæs, G. (2022, 28. desember). Telavåg. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/Telav%C3%A5g>
- Kjelland, A., Krøvel, H.J., Teige, O. & Kaveh, C. (2020). *Mikrohistorie*. (1.utg.). Museumsforlaget.
- Losnegård, G. (2011). *Havfolk og fjordfolk: allmennsoge for Askvoll* (Bd.2). Askvoll kommune.
- Losnegård, G. (2014) Framtak Ungdomslag: eit frilyndt ungdomslag for Vårdal og Helle. *Sogehefte for Askvoll kommune, 2014*, 65-77. Askvoll sogenemnd.
- Løken, R.S. (1994). Eit 50-årsminne. *Sogeskrift for Askvoll kommune, 1994*(7), 27-29. Askvoll sogenemnd.
- Moland, A. & Sæveraas, T.E. (2023, 17. april). *Kompani Linge*. I *Store norske leksikon*. https://snl.no/Kompani_Linge
- Noregs Ungdomslag. (u.å). Om oss: *Historia om Noregs Ungdomslag*. Henta 4. mai 2023 frå <https://www.ungdomslag.no/om-oss/historia-om-nu/>
- Nøkleby, B. (1986). *Norge i krig: Bd.4. Holdningskamp*. Aschehoug.

Saltskår, O.J. (1995). *Staveneset i Sunnfjord 1940-1945: For Secret Service Intelligence sin innsats for både norsk og britisk etterretning i tida 1940-1945.* (Oppgåve i lokalhistorie). Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Stang, M. & Grøneng, A.E. (1999). *Stangfjord-Albumet: Nordens første aluminiumsverk.* (1.utg.). AuGe forlag.

Statistisk sentralbyrå. (1954). *Statistikk over landssvik 1940-1945.*

https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_179.pdf

Stugu, S.S. (2018). *Norsk historie etter 1905.* (2.utg.). Det Norske Samlaget.

Store norske leksikon (2005-2007): *Secret Intelligence Service.* I Store norske leksikon.

https://snl.no/Secret_Intelligence_Service

Thunshelle, T.J. (1972). *Nasjonal Samling i Sogn og Fjordane 1940-1945.* (Hovedoppgave i Historie). Universitetet i Bergen.

Tjelmeland, H. (2004). Aviser som historisk kilde. I E. Roalsø (Red.), *Pressehistoriske skrifter: Å skrive i motvind.* (Bd. 3, s. 115-117). Norsk pressehistorisk forening.

Avisartiklar:

Firda: Bygdeblad for Sogn og Fjordane. (1946, laurdag 26. januar.). *Jøssingbrudlaup på Staveneset*, s. 1-2.

Firda Folkeblad. (1946, tysdag 30. april). *Dyrlækjar Slåttelid – kva tiltalen går ut på.*, s.1.

Arkivmateriale:

NS-administrasjonen 1940-1945. (1944, 10. februar). *Protokoll ført i Ministermøte.*

Digitalarkivet.

<https://media.digitalarkivet.no/en/view/39763/15>

NS-administrasjonen 1940-1945. (1942, 20. august). *Protokoll ført i Regjeringsmøte.*

Digitalarkivet.

<https://media.digitalarkivet.no/view/39760/115>

NS Riks- og Rådsmøteprotokoll 1934-1945. (1943, 16. mai). *Dagsorden for fylkesførermøtet på Oslo Slott*. Digitalarkivet.

<https://media.digitalarkivet.no/view/88283/65>

Museet Temaparken Bulandet:

Intervju utført av Temaparken Bulandet av Håvard Nikøy, Konstanse Nikøy Tysse, Gudrun Merkesvik Fedøy og Dagmar Nikøy Hillersøy.

Liste over dei arresterte i Bulandet og Værlandet er basert på portrettbileta på museet Temaparken Bulandet.

Temaparken Bulandet: Minnesamling frå verdskrigen 1940-1945: Bjørg Kirkeli.



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave i historie

SA523-O-1-2023-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

| | | | |
|-----------------------|--------------------------|------------------------|----------------------------|
| Startdato: | 01-05-2023 12:00 CEST | Termin: | 2023 VÅR |
| Sluttdato: | 15-05-2023 14:00 CEST | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform: | Bacheloroppgave | | |
| Flowkode: | 203 SA523 3 O-1 2023 VÅR | | |
| Intern sensor: | (Anonymisert) | | |

Deltaker

| | |
|---------------------|-----------------------|
| Naun: | Therese Olset Solheim |
| Kandidatnr.: | 246 |
| HVL-id: | 586892@hvl.no |

Informasjon fra deltaker

| | |
|----------------------|-------|
| Antall ord *: | 10975 |
|----------------------|-------|

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei